

---

**Frå:** Gripen gard og rurale tidsreiser <post@gripengard.no>  
**Send:** fredag 8. januar 2021 17.21  
**Til:** Are Frøysland Grande  
**Emne:** Re: Spørsmål om dokumentasjon knytt til søknad

Hm... det der skjønner eg ikkje noko av. Det er så lenge sidan at eg ikkje hugsar. Eg har hatt folk frå kommunen her for å sjå og me har diskutert løysingar, og etter noko tid vart me einige om at me skulle vente til på løa, slik at ho, bustadhuset og eldhuset skulle få same minireinseanlegg. Sidan alt vart så forseinka pga korona, ligg eg etter med omlag alt. Det meste er reine kampen. Denne veka har eg hatt Vestnorsk brunnboring her, dei har bora til maks djupn på 120 meter, - og ikkje funne vatn! Det er ikkje til å tru! Heile siste året har eg ikkje gjort anna enn å kjempe mot alt vatnet som er overalt, til og med i bakkane, og så finn dei ikkje vatn her! Det er til å le seg ihel av. Eg slo frå meg offentleg vatn fordi det vart så langt å gå med røyrledning, og veldig mykje graving. Men eg har avtale med røyrleggjar Einar Stusdal i Vest VVS AS som skal kome og grave og legge ned godkjend minireinseanlegg, stort nok til å ta unna det som kjem frå desse husa. Han sa at dei då skulle lage søknaden. No er me kome omlag så langt at det går an å få han ut til å byrje på søknaden no sikkert.

I utleiehyttene har eg komposttoalett og ikkje innlagt vatn, berre så det er nemnt.

Du er hjarteleg velkomen ut på synfaring om du/de har tid.

Beste helsing  
Helene Olli Sollid,  
Gardbrukar og altnuligoter  
**Gripen gard & rurale tidsreiser**  
Gripavegen 86, 5919 Frekhaug  
56176416/99293971

Den 8. januar 2021 kl. 15.09.34 +01.00 skrev Are Frøysland Grande  
<are.froysland.grande@alver.kommune.no>:

Hei Helene,

Eg sitt med søknaden din nå og tek mottakskontroll. Når eg ser på søknaden din ser eg at du har satt \*\*\* ved utsleppsløyve, men eg finn ikkje igjen merknaden du har. Har du sendt med inn den merknaden?

Ha ein elles fin dag og god helg når det kjem så langt!

Vennleg helsing

**Are Frøsyland Grande** | Rådgjevar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE